



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua, Norge  
0301 OSLO

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:       | Vår saksbehandlar:         | Vår dato:  |
|-------------|--------------|----------------|----------------------------|------------|
| 202205293-5 | 05.06.2023   | 80018/2023/S00 | Synnøve Valle, 71 28 02 39 | 05.09.2023 |

## Fjord kommune - Stavåna minikraftverk - Tafjord Kraftproduksjon - fråsegn til søknad om konsesjon etter vassressurslova

*Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld høyring av søknad om løyve til å bygge Stavåna minikraftverk.

### Vassforvaltning

*Jf. Verneplan III for vassdrag (1986) er Stordalsvassdraget verna mot kraftutbygging. Vassressurslova sin § 35 gjev klare avgrensingar for kraftutbygging i verna vassdrag, også for etablering av minikraftverk med effekt under 1 MW.*

Regional plan for vassforvaltning fastset miljømål for vassførekomstane i fylket, og skal leggest til grunn for regionale organ sine verksemder og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. vassforskrifta § 29, siste ledd. Miljømål og planlagde tiltak må takast med i vurdering av konsesjonssøknadene.

Utbygginga av Stavåna kraftverk grip inn i vassførekomsten Storvasselve - Stordalselve bekkefelt (ID:NO100-40-R). Stavåna er eitt av mange vassdrag som inngår i denne vassførekomsten som har god økologisk tilstand, med miljømål om god økologisk tilstand. Utbygginga vil til tross for minstevassføring ha fare for negative effektar på biologisk mangfald, både i det akvatiske miljøet og i viktige naturtypar knytt til vassdragsmiljøet i Stavåna.

Etablering av kraftverket kan medføre forringing av den økologiske tilstanden i vassdraget, og NVE må såleis vurdere utbygginga opp mot § 12 i vassforskrifta. Det må også gjerast ei nærare vurdering av den samla belastninga frå kraftutbygging på vassdragsmiljøet i kommunen/regionen.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Synnøve Valle  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar

Vassforvaltning: rådgivar Arne Håkon Sandnes, tlf. 71 28 03 50

Kopi:  
Fjord kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal